

Saksbehandlar: Birte Tuxen Bø, Nærings- og kulturavdelinga
Sak nr.: 16/3210-1

INU-FSF - Handlingsplan 2016 og årsrapport 2015

[::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓](#)

Framlegg til vedtak:

Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune godkjenner årsrapporten for 2015 frå den Interkommunale Næringsretta Utviklingsordninga for kommunane Førde, Sogndal og Flora (INU-FSF).
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune godkjenner handlingsplanen til INU-FSF for 2016.
3. INU-FSF får 20,8 mill. kr inkl. renter for 2015 på kr. 2 051 086 og overførte restmidlar på kr. 74 790.
4. Innovasjon Norge får 1,25 mill. kr til bedriftsretta tiltak.
5. Fylkesrådmannen får fullmakt til å fordele 1,25 mill. kr til oppfølgingsarbeidet av reiselivsplanen.
6. Det vert sett av 1 mill. kr til administrasjon av søknadane. Dette er 300 000 kr til fylkeskommunen, og 700 000 kr vert forvalta av NHO.
7. Midlane skal forvaltast etter same regelverk som midlar disponible for hovudutval for næring og kultur.
8. Fylkesrådmannen får fullmakt til å utforme tildelingsbrevet til styret for INU-FSF og Innovasjon Norge. Fylkesrådmannen får òg fullmakt til å forvalte midlane sett av til administrasjon av ordninga.

[::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑](#)

[... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓](#)

Vedlegg:

Årsrapport for 2015
Handlingsplan for 2016

Andre dokument som ikkje ligg ved:

Tildelingsbrev frå KMD for 2016 – statsbudsjettet kap. 551, post 61.
Årsmøteprotokoll for 2016

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

Denne saka gjer greie for og vurderer handlingsplanen for 2016 til den Interkommunale Næringsretta Utviklingsordninga som kompenserer for auka arbeidsgjevaravgift i kommunane Førde, Sogndal og Flora (INU-FSF). I saka vert òg årsrapporten for 2015 lagt fram med vurdering.

2. Bakgrunn for saka

Historikk – tidlegare vedtak

ESA godkjende 19. juli 2006 regjeringa sitt forslag om innføring av ordninga med differensiert arbeidsgjevaravgift frå og med 1. januar 2007. Store deler av landet fekk då innført ordninga med differensiert arbeidsgjevaravgift, med same takst som i 2003. Samtidig vart det klart at det var kommunar i delar av landet som ikkje ville nyte godt av denne gjenninnføringa eller ville få gjenninnført differensiert arbeidsgjevaravgift med høgare sats enn den som var gjeldande i 2003.

Den differensierte arbeidsgjevaravgifta skulle frå 2007 reknast ut på grunnlag av kvar verksemda er lokalisert. I tidlegare ordning var det den tilsette sin bustad som var avgjerande for kva sats arbeidsgjevaren skulle nytte ved utrekning av avgift.

I Sogn og Fjordane er det differensiert arbeidsgjevaravgift i 23 av 26 kommunar. Kommunane Førde, Sogndal og Flora har avgift med høgast sats og bedrifter i desse kommunane som har over om lagt 14 mill. kr i lønnsutgifter utgjer grunnlaget for kompensasjonen til INU-FSF.

Ordninga gjev ei årleg overføring frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) over kap. 551, post 61, til Sogn og Fjordane fylkeskommune som kompensasjon for høg arbeidsgjevaravgift i Førde, Sogndal og Flora.

Sogn og Fjordane fylkeskommune godkjende vedtekter for INU-FSF i fylkestingsak 7/07. I saka vert forvaltninga av midlane gitt til styret i INU-FSF. Styret består av seks bedriftsrepresentantar frå råka bedrifter, ordførarane i dei tre kommunane ordninga omfattar og fylkeskommunen.

Endring i retningslinjer

EU-kommisjonen vedtok nye retningslinjer for regional statsstøtte i juni 2013, og desse vart godkjende av ESA i oktober 2003. ESA godkjende våren 2014 den notifiserte ordninga frå den norske regjeringa og det nye regelverket vart gjeldande frå 1. juli 2014, eit regelverk som skal gjelde i sju år. Den nye ordninga inneber at enkelte sektorar/bransjar fell utanfor retten til å bruke differensiert arbeidsgjevaravgift, til dømes energi og transportsektoren.

3. Årsrapport 2015

Fylket fekk i 2015 til saman 41,2 mill. kr over kap. 551, post 61 i kompensasjon for høg arbeidsgjevaravgift i kommunane Førde, Sogndal og Flora. Av denne potten gjekk 3,5 mill. kr til oppfølging av reiselivsplanen og 6 mill. kr gjekk til bedriftsretta tiltak. Ramma på 6 mill. kr til bedriftsretta tiltak vert forvalta av Innovasjon Norge i Sogn og Fjordane og løyvingane vert prioritert i.h.t. INU sin handlingsplan. Dette betyr at søknadar frå råka verksemder i dei tre kommunane vert gitt prioritet, føreset at tiltaket vert vurdert til å vere tilskotsberettiga.

Sogn og Fjordane fylkeskommune fekk i 2015 inn søknadar om midlar til 24 prosjekt frå 18 søkjarar.

Løyving frå KMD 2015		41 200 000
Innovasjon Norge		-6 000 000
Reiseliv		-3 500 000
SUM løyving til fordeling		31 700 000
Renter frå 2014		499 000
Overført frå 2012, vedtak INU 28.09.2015		500 000
Overføring frå 2014 til prosjekt i 2015		1 000 000
Årsavslutning 2014		20 590
Overført frå 2013		199 000
Sum løyving inkl. restmidlar til fordeling		33 918 590
SFFK adm.		-300 000
NHO		-700 000
Sum løyving inkl. restmidlar minus adm. kostn.		32 918 590
Prosjekt	Søkjjar	
Tettstadutvikling - øyremerka		
Tettstadutviklingsmidlar	Flora kommune	-3 000 000
Tettstadutviklingsmidlar - Sentrumstiltak	Førde kommune	-3 000 000
Tettstadutviklingsmidlar - Fjordsti og elvepark	Sogndal kommune	-1 500 000
Florelandet Nord - offentlig vegutløysing vest	Flora kommune	-8 000 000
FoU-inkubator i Sogn og Fjordane	Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane	-3 500 000
Sunnfjord Næringspark	Førde kommune	-8 000 000
Strategisk Program Fosshaugane Campus	Sogndal Fotball og HiSF	-500 000
Fram Flora Inkubator	Fram Flora	-1 500 000
EM i vektløfting 2016 i Sunnfjord	EM i vektløfting v/ Stian Grimseth	-1 000 000
Supply Chain Network Sogn og Fjordane 2016	Maritim Foreining i Sogn og Fjordane	-1 843 800
Sum tilskot gitt i 2015		-31 843 800
Ekstraordinær utlysning: Byggingeniørstudiet*		-1 000 000
*ikkje løyvd per dags dato		
Rest 2015 (vert overført til 2016)		74 790

*Rest 2015 er om lag kr. 40 000 høgare enn det som framkjem av årsrapporten der resultatet er på kr. 34 326 (sjå vedlegg). Dette kjem av at overføring av restmidlar - årsavslutning 2014 (kr. 20 590) ikkje har kome med i årsrapporten. I tillegg har Fondsstyret nytta kr. 19 887 av midlar dei har hatt disponible frå 2014, men denne restpotten er ikkje lagt til den total ramma i årsrapporten (kun med som kostnad) og gjer derfor resultatet mindre.

4. Handlingsplan 2016

Kompensasjonen over kap. 551, post 61 til Sogn og Fjordane er i 2016 på 22,2 mill. kr, og det årlege nivået i 2017 og 2018 er venta å vere fallande. Total ramme for 2016, inkludert renter og restmidlar frå 2015, vert 24,3 mill. kr (lite avvik frå årsrapport, sjå forklaring under tabell ovanfor).

INU-midlane skal bidra til etablering og utvikling av lokale og regionale næringsmiljø, og innovasjonssystem som gir betre vilkår for auka verdiskaping. Målet er å stimulere til utvikling, nyskaping og auka kompetanse/næringsverksemd, med hovudfokus i dei tre råka kommunane. I arbeidet med handlingsplanen for 2016 er det lagt vekt på å samordne prioriteringane med fylkeskommunen sin verdiskapingsplan der dette er naturleg.

Årsmøtet i INU-FSF vedtok å prioritere fem satsingsområde med indikativ fordeling:

Innovasjon, nyskaping og kunnskapsbaserte næringar

INU-FSF vil i planperioden prioritere søknadar knytt til inkubasjon i regi av inkubatorordningane i fylket, nettverks/bransje-basert næringsutviklingsarbeid og søknadar frå prosjekt/verksemder som på andre måtar bidreg til nyskaping.

10-15 % av totalramma vert sett som indikativ løyving i planperioden.

Reiseliv

INU-FSF vil i planperioden ha ei viss reiselivssatsing. 5 % av totalramma vert sett som indikativ løyving i planperioden. For 2016 utgjer det 1,25 mill. kr.

Infrastruktur / Tettstadutvikling

INU-FSF set av midlar til tettstadutvikling i kommunane Førde, Sogndal og Flora med ei fordeling med grunnlag i dei kompenserte bedriftene.

10-15 % av totalramma vert sett som indikativ løyving i planperioden.

Næringsretta infrastruktur

INU-FSF vil planperioden ha satsing på næringsretta infrastruktur som sitt hovudsatsingsområde. Dette skal bidra til å legge til rette for nyetableringar/ekspansjon i næringer som er arealkrevjande og gjennom dette treng betydeleg tilrettelegging.

50-60 % av totalramma vert sett på som indikativ løyving i planperioden.

Kompetanseutvikling

INU-FSF vil i planperioden prioritere finansiering av næringsretta høgskulestudiar som treng lokal oppstartsfinansiering, samt utdanningstiltak som skal bidra til å gje utdanningssøkande ungdom i fylket opning for breiare internasjonal kompetansemessig kontaktflate.

8-12 % av totalramma vert sett som indikativ løyving i planperioden.

Prosjekt eller løpande aktivitet som går over fleire år kan sakshandsamast, prioriterast og løyvast i året sakshandsaminga skjer, eller gjevast ei delløyving dette året i tillegg til å verte lagt inn i intensjonsmatrisa (sjå handlingsplan), der framtidig ramme vert øyremarka med prioritet som skal vere førande for framtidige løyvingar.

Bransjeretta tiltak

Deler av totalramma kan settast av til bedriftsretta tiltak, der midlane vert forvalta av Innovasjon Norge. Midlane er øyremarka verksemder i Førde, Sogndal og Flora, der dei råka verksemdene i desse kommunane skal gjevast prioritet. Innovasjon Norge skal rapportere på bruken av midlane til INU-FSF.

5 % av totalramma vert sett som indikativ løyving i planperioden. Dette utgjer i 2016 1,25 mill. kr.

Disponible midlar INU-FSF 2016	
Løyving KMD 2016	22 200 000
Rest frå 2015	74 790
Renter for 2015	2 051 086
Sum	24 325 876
Reiseliv 2016	-1 250 000
Bedriftsretta satsing (IN) 2016	-1 250 000
Adm. NHO	-700 000
Adm. fylkeskommunen	-300 000
Sum løyving til søknadar	20 825 876

5. Vurdering av årsrapport 2015

Fylkesdirektøren vurderer aktiviteten i INU-FSF til å vere i samsvar med handlingsplanen for 2015 og tildelingsbrevet frå fylkeskommunen for året.

Midlane vart lyst ut gjennom www.regionalforvaltning.no i tråd med retningsliner frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD).

INU-styret ved NHO hadde sekretariatsrollen, og ordninga har etter fylkesdirektøren si oppfatning fungert godt.

6. Vurdering av handlingsplan for 2016

Handlingsplanen er ein retningsgjevande plan for bruk av midlane i 2016. Midlane som er disponible for styret i INU-FSF skal lysast ut gjennom www.regionalforvaltning.no i tråd med retningsliner gitt av KMD i tildelingsbrev for 2016. Sakshandsaminga av søknadane skal gjerast av Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Fylkesrådmannen får fullmakt til å gje løvingar av reiselivsmidlane i tråd med vilkår gitt av HNK og tildelingsbrev frå administrasjonen. Løyvingar til reiseliv vert fagleg kvalitetssikra ved gjennomgang i programstyre for infrastruktur før vedtak.

Innovasjon Norge får ei rammeoverføring som dei skal nytte til søknadar som vert vurdert å vere bedriftsretta. Desse midlane skal nyttast i tråd med tildelingsbrev frå HNK. Dei konkrete satsingsområda er nyskaping og kunnskap, tettstadutvikling, næringsretta infrastruktur, kompetanse og bedriftsretta tiltak (IN).

Fylkesdirektøren meiner at satsingsområda i stor grad er i tråd med verdiskapingsplanen til partnerskapen i Sogn og Fjordane. Ramma for 2016 inneber ein kraftig reduksjon, då den er om lag halvert frå 2015. Det årlege nivået i 2017 og 2018 er venta å vere fallande. Kommunal- og moderniseringsdepartementet har gitt signal om at kompensasjonsordninga vert avvikla etter 2018.

7. Tilråding

Fylkesdirektøren for næring og kultur rår hovudutval for næring og kultur til å godkjenne årsrapporten frå INU-FSF for 2015 og handlingsplanen for 2016.

... [Sett inn saksutredningen over denne linja](#) ↑